



Per Bruvold har framleis tatt den største fisken med denne ruggen på 10kg

Medan folk flest er misfornøgd med sommarveret, er nok elvefiskarane langt meir tilfreds. Det er nok også medverkande til at det er fiska mykje stor fisk, i hovudsak laks, i Uskedalselva. Fjorårsresultatet er for lengst passert, og det er rapportert inn heile 39 fiskar med vekt på 3,5kg og meir.

Blant dei 39 storfiskane er det 2 aurar medan resten er laks. Det er Torbjørn Kulstad som har fått begge dei store aurane. Dei var høvesvis 4,6kg og 4kg. Største laksen er det framleis Per Bruvold som har fått. Han fekk ein rugg på 10kg i byrjinga av denne månaden. Det er tatt 13 laksar på 6kg eller meir.

Frå fiskarhald har vi fått rapportert at det stortsett er flott villaks dei får. Innslaget av oppdrettslaks er lite, og det samsvarar med teljinga som vart gjennomført for knappe 2 veker sidan.

Det er rapportert inn vel 60 laksar og i overkant av 40 aurar. Det er til no fiska 284,55kg medan det i fjor vart fiska 83.8kg i heile sesongen. Fisket i Uskedalselva starta 15.juni og skal etter planen vara til 15.september.

Dei som ønskjer meir detaljert informasjon om elva og fisket, kan gå inn på Uskedal elveeigarlag si nettside. Den finn de i venstre kolonne.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat